

- Som bønder i Hareid, Ulstein og Herøy er vi glade i yrket vårt og stolte av næringa. Det er meningsfullt og krevande å produsere landbruksvarer i vår vakre natur i høgkostlandet Norge. Næringa er synleg med store bygningar, med husdyr og jorder, skog og utmark. Bøndene utviklar stadig sine driftsmåtar. Produksjonen pr sysselsett auker 6 prosent årleg, det er på line med norsk oljeverksemd og storeksportøren USA. – For unge er landbruket ei spennande og meningsfull næring å gå inn i med store krav til arbeidslyst og allsidig fagkompetanse. **Rekruttering, økonomi og miljø** er hovudmåla for landbruket i Hareid, Ulstein og Herøy.

- Veit du dette om landbruket i kommunane

I 2019 var det i alt **117 gardsbruk i drift** i Hareid, Ulstein og Herøy (216 bruk i år 2000) (Hareid har 20 bruk, Ulstein 35 bruk og Herøy 62 bruk i drift). **Gjennomsnittleg dyrka areal er på 108 dekar** (87 dekar i år 2000).

Kvart årsverk i landbruket skaper ein til to arbeidsplassar i andre tilstøytande verksemdar.

Det vert utført flest årsverk i storfekjøttproduksjon og i sauehaldet. I dei tre kommunane har **31 gardsbruk produksjon av storfekjøtt** (Hareid 6, Ulstein 13 og Herøy 12), av desse **12 mjølkebruk** (Hareid 1, Ulstein 8 og Herøy 3). Kommunane har **82 sauebruk** (Hareid 9, Ulstein 23 og Herøy 49), 4 bruk med høner, 1 bruk med gris og 9 bruk med ammekyr.

Bønder driv i tillegg andre produksjonar, næring innan skogbruk, turisme, jakt og fiske, vidareforedling og sal av gardsmat.

Kommunane Hareid, Ulstein og Herøy har felles landbruksforvaltning i Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

Det er dei siste åra bygd fleire nye fjøs. I kommunane er det bedrifter og maskinfirma innan landbruket.

Samla **husdyrhald i kommunane er ein stor buskap**: 190 mjølkekyr, 730 ammekyr/andre storfe, 37.700 høner og 7.000 sau og lam.

Det vert dyrka **12.700 dekar jordbruksareal** (18.250 dekar i år 2000), mest gras til fôr og beite (Hareid 3.200 dekar, Ulstein 4.400 dekar, Herøy 5.100 dekar).

Vidare **32.000 dekar produktivt skogareal** med furu, gran, lauvtre (Hareid 16.000 dekar, Ulstein 10.500 dekar, Herøy 5.500 dekar)

Spesialisert produksjon og stor omsetnad

Matproduksjonen og råvarer frå jordbruket i Hareid, Ulstein og Herøy hadde i 2010 (tal frå NILF) ein **salsomsetnad på 47,3 millio- nar kroner** i året.

Av dette hadde mjølk- og storfekjøttproduksjon 38 prosent av omsetnaden, sauehaldet 27 prosent og eggproduksjon 21 prosent.

Landbruket i Hareid, Ulstein og Herøy skaper i tillegg verdiar frå produksjonar med andre dyreslag, bønder arbeider med tilleggsnæringar, brøyting av vegar og i skogen, og det er eit aktivt hestehald i kommunane.

I 2019 vart det produsert **1,4 mill. liter mjølk frå 12 mjølkebruk** (Hareid 1 mjølkebruk, Ulstein 8 mjølkebruk, Herøy 3 mjølkebruk) (I år 2000 vart det i alt produsert 3,4 mill liter frå 50 mjølkebruk).

Mjølkeproduksjonen på 1,4 mill liter tilsvarar årsforbruket av drik- kemjølk, ost og andre meieriprodukt til vel 4.600 personar.

I 2019 vart det produsert til saman vel **206.000 kg kjøtt** i Hareid, Ulstein og Herøy, av dette vel 146.000 kilo storfekjøtt, 8.000 kilo svinekjøtt og 52.000 kilo sauekjøtt. Kjøttproduksjonen tilsvarar årsforbruket av kjøtt til vel 3.000 personar.

Vårt lokale landbruk er ein del av nasjonal og internasjonal matproduksjon

Bøndene i Hareid, Ulstein og Herøy er medeigarar i dei store nasjonale industribedriftene Tine og Nortura – Gilde. Næringsmiddelindustrien er landets største industrisektor. I tillegg kjem tømmerforedling.

Landbruksnæringa si hovudoppgåve er å forsyne heile landet med norske matvarer året rundt til stabile prisar. Norsk matproduksjonen skal aukast med 20 prosent dei neste 20 åra i takt med befolkningsauken på 1 million menneske. Vi produserer i dag berre halve kaloriforbruket vårt. Matimporten aukar veldig raskt i Norge, liksom i Sverige, mellom anna av storfekjøtt og dels mjølkeprodukt. – Auka import sikrar ikkje levande bygder og kulturlandskapet på Nordvestlandet.

Norge har krevande natur og klima for matproduksjon utandørs. Dei fleste land vi samanliknar oss med har ein politikk for matforsyning. Liksom på mange andre politikkområde har Norge sin eigen modell for nasjonal landbrukspolitikk. Importvernet overfor land med gunstigare vilkår og lågare kostnader er avgjerande for å oppretthalde matproduksjon over heile landet

Bonden og landbruksnæringa i Hareid, Ulstein og Herøy gir Mat, Miljø og levande Bygder



- Kvifor aktivt landbruk i Norge?

- lokal norsk mat året rundt i heile landet til nokså lik pris
- velstelte bygder med kulturlandskap og husdyr
- miljøverdiar, kulturverdiar og tradisjonsberarar
- lokal busetting og verdiskaping med store ringverknader

Mai 2020



NORGES BONDELAG



Landbruket i Hareid, Ulstein og Herøy

- * 117 bruk i drift, av desse 31 med storfekjøtt
- * 12 mjølkebruk og 82 sauebruk
- * Kultur- og kystlandskap av verdsformat
- * Det aktive landbruket gir ringverknader for arbeidsplassar og omsetnad i kommunen



 VESTRE SUNNMØRE
BONDELAG

(Vestre Sunnmøre Bondelag dekker kommunane Hareid, Ulstein og Herøy).